

# På jakt etter yngre blod


Når snittalderen er åtti år i Bømlo Pensjonistforening seier det seg sjølv at styret er på jakt etter yngre blod. Dersom ikke så dør foreininga ut med medlemmane. Leiar Leif Magnus Endresen tenkjer på korleis han skal lokka ung-pensjonistane inn i varmen.

Bn: Grethe Kjøsnes

– Då mor mi, Johanna Endresen starta Bømlo pensjonistforeining i 1974, var det mange som meldte seg inn. I løpet av få år hadde dei nådd rundt 300 medlemmer. Frå Rolvsnes i nord til Langevåg i sør. Det var jo eit klart behov for ei slik foreining. I dag er me berre rundt 70 medlemmer og gjennomsnittsalderen vår er på godt over åtti år. Høg snittalder i pensjonistforeiningar er eit problem mange stader i landet. Difor blir lokale foreninger lagt ned fleire stader. For med høg gjennomsnittsalder i foreiningane, blir det jo færre medlemmer etter kvart som dei dør, seier leiar Leif Magnus Endresen.

– Men i Odda er pensjonistforeininga derimot eit unikum og eit førebilete for heile Hordaland. Der har dei rundt 300 medlemmer og snittalderen er lågare, seier Endresen.

Han sit og slappar av heime på Rubbestadneset med ein kopp kaffi medan han tenkjer og funderer. Mellom anna på



– Korleis lokka fleire ung-pensjonistar inn i foreininga, undrar leiar Leif Magnus Endresen. Som åtti-åring er han sjølv ein god representant for snittalderen i Bømlo Pensjonistforening.

korleis lokka yngre pensjonistar inn i Bømlo pensjonistforeining. Nokre grep må gjerast før det er for seint. Yngre blod må inn. Yngre impulsar.

**Talar pensjonistane si sak**  
– Hugs på ein ting! Pensjonistforeininga har noko som alle

dei andre pensjonist/interessekubbane ikkje har, strekar han under.

– Me har faktisk forhandlingsrett med staten om mellom anna pensjon. Det er viktig å fokusera på at pensjonistforeiningane må takast vare på for dei tar vare på og

slåst for pensjonistane sine interesser. Berre sjå kva som skjer med Den kulturelle spaserstokken, som regjeringa no foreslår å fjerna midlane til. Dette er noko me må jobbe for å ta vare på. Me i Pensjonistlaget vil gje vårt syn på koriktig dette tilbodet er. Her i

kommunen får me vel rundt 100.000 kroner frå staten årleg mellom anna for å arrangera I manns minne. Det er eit populært arrangement her på Bømlo, seier pensjonistleia- ren.

## Eit kulturskifte

Det er stor forskjell på ein åttiåring og ein sekstiåring. Åttiåringane høyrer til før-krigsgenerasjonen medan sekstiåringane vaks opp etter krigen. Dei eldre nøydde seg med lite og dei yngre vil ha meir.

– Det er vanskeleg å få sekstiåringane inn i ei foreining med oss åttiåringar. Me må berre innsjå at me har ei ny utfordring for pensjonistforeininga vår. Me må finna ut korleis me kan legga best mogleg til rette for neste generasjon slik at dei og vil bli medlem i laget og engasjera seg. Det er nok ein stor kulturforskjell mellom dei to generasjonane. Dessutan finst det mange andre konkurrerande tilbod for pensjonistar i dag. Slik var det ikkje den gong mor mi starta Bømlo pensjonistforeining for 40 år sidan. Men ein ting har ikkje dei andre pensjonistklubbane: Forhandlingsrett om pensjon med staten! poengterer Leif Magnus Endresen.

I dag møtes medlemmane i Bømlo Pensjonistforening til 40-årsjubileum på Ungdomsheimen på Svortland.



FANTASY-DRONNING: Den danske forfattaren Lene Kaaberbol har hatt stor suksess med fantasy-bøkene sine for ungdom både i Noreg og i mange andre land. 2. november kjem ho til Stord på den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu. (Foto: Sanne Berg / Samlaget).

## Dansk fantasy-dronning til nynorsk barnebokfestival

**Den danske fantasy-forfattaren Lene Kaaberbol er det store trekplasteret når barnelitteraturfestivalen Falturiltu går av stabelen på Stord for åttande gong 2.- 7. november.**

– Utgangspunktet vårt var at me ville laga ein festival om fantasy og liknande sjangrar. Me ville belysa kva som finst på nynorsk av slike sjangrar og var så heldige å få med oss ei av dei store fantasy-seljarane til Samlaget, seier festivalsjef Roald Kaldestad til Nynorsk pressekontor.

Han fortel at den danske fantasy-dronninga har stått på ønskelista til festivalen i fleire år.

– Fantasy er ein omdiskutert sjanger blant litteratar,

men ho har klart kunststykket å laga slike bøker som både har litterær kvalitet og som sel godt. Eg har sjølv lese bøkene hennar og er svært begeistra.

### Smakebitar av ny film

Å få Kaaberbol på besøk i år, kunne knapt passa betre. Skammarens dotter – fantasyboka som blir rekna som gjennomslagsboka til Kaaberbol – er nemleg i ferd med å bli film.

– Filmen er eit nordisk samarbeid og kjem rundt nyttår, men under opninga av festivalen får publikum truleg sjå nokre eksklusive bitar frå filmen, røper Kaldestad.

### Møter folk der dei er

Fantasy pregar ikkje berre forfattarane på festivalen. Temaet går også att i mykje av det andre som skjer. Festivalen seier likevel at variasjo-

nen i programmet er stor.

– Rundt femten forfattarar er i sving. I år når me ut til alle frå dei aller minste til folk på eldresenter, seier Kaldestad.

Han fortel at litt av kongsten til festivalen er å reisa ut til folk der dei er i staden for å hala dei inn i kulturhus.

I år har festivalen mellom anna fått med seg den danske fantasy-forfattaren, som også er utdanna ridelearar, på bok- og hestetreff. Arrangementet har fått namnet Stallturiltu, og målgruppa er først og fremst jenter som er interesserte i bøker og hest.

### Bok og fotball med Erik Solér

For å nå ut til fotballinteresserte gutter, har festivalen dei tre siste åra arrangert bok- og fotballfest.

– Det har vore ein stor suk-

sess, seier Kaldestad.

I år har festivalen fått med seg den legendariske fotballspelaren Erik Solér. Han burde appellera både til unge gutter og til kvinner i 40-50-åra, meiner Kaldestad.

Festivalen byr også på forfattarbesøk i skulen, faglege seminar, skrivekurs, konserter og ei rekke andre arrangement. Mellom anna vil kjende nynorske forfattarar ta for seg fantasy og fantastisk litteratur på eit eige seminar på Høgskulen Stord/Haugesund, medan lesegledde og lærestyrte er tema fore eit seminar på Stord Kulturhus.

– Dette er tema som burde engasjera folk i heile regionen, seier festivalsjef Roald Kaldestad. (©NPK)

NPK-Margunn Sundfjord